

Innleiing.

Mao : "Krigens lover er, akkurat som lovene som gjelder for alle andre ting, gjenspeilinger i hjernen vår av den objektive virkeligheten. Følgelig innebærer det at man må lære å kjenne til stillingen på fiendens side og på vår side. Begge deler bør betraktes som studieobjekt, mens bevisstheten (som er istand til å tenke) bare er subjektet som utfører studiene. Noen mennesker har god kjennskap til seg selv og dårlig kjennskap til fienden, og med andre er det akkurat motsatt. Ingen av dem kan løse problemet med å lære og tillempe krigens lover. Det er en uttalelse i boka til den store militærvitenskapsmannen i det gamle Kina, Sun Wu Tzu : "Kjenn fienden og kjenn deg selv, og du kan utkjempe hundre slag uten fare for nederlag", som refererer både til fasen med læring og til fasen med tillemping, både til å få kjennskap til lovene for utviklingen av den objektive virkeligheten og til beslutningen om våre egne handlinger i overensstemmelse med disse lovene for å beseire den fienden vi står overfor. Vi bør ikke ta lett på denne uttalelsen." (Fra "Det viktige er å være god til å lære", Skrifter i utvalg, s. 43.)

I alt arbeid vi driv er det naudsynt å ha eit grundig kjennskap til dei fiendane vi slåss mot, såvel til kva som er dei sterke og dei svake sidene hos oss sjøl. Også i arbeidet for å verne og sikre partiet er det slik. Vi kan ikkje drive godt sikkerhetsarbeid ved å "gøyme" oss for alt og alle - vi må vite kva og kven vi skal verne oss mot, korleis dei arbeider for å kartlegge oss, osb. Uten det risikerer vi at sikkerhetsarbeidet vårt blir slag i tomme lufta.

Laga må difor sjå på arbeidet med å samle saman og sende inn informasjon som ein føresetnad for godt sikkerhetsarbeid både i laget sjøl og når det gjeld heile partiet. Det held ikkje å sjå på arbeidet med å samle inn informasjon som ei mindre og perifer oppgåve.

Om utforminga av rapportane.

1. Alle rapportar må merkast med tid og stad.
2. Skil mellom fakta og vurdering. Vi er interessert i begge deler. Ta med så mange fakta som mogleg. (T.d. når det gjeld personer er det viktig med både namn, adresse, telefon, arbeidsplass familie, omgangskrets, osb.). Gje di eiga vurdering av kor viktig informasjonen er og grunngje det. Oppgje alltid kjelden for opplysningane.
3. Bruk papir som ikkje kan identifiserast, og sett aldri fingeravtrykk (korkje før du skriv på papiret eller etterpå) - bruk hansker.

4. Det beste er om du kan bruke ei skrivemaskin som ikkje kan sporast attende til deg eller andre i partiet. Dersom du ikkje kan finne ei slik maskin, så får du skrive på det du har. Og har du ikkje skrivemaskin så bruk blokkskrift.

Innsending av rapportar.

1. Alle rapportar skal merkast med særskilt nummer laget har til slike rapportar (ikkje vanleg lagsnummer).

2. Rapportane skal leggest i egne konvoluttar og atskilt frå andre rapportar.

3. Det store fleirtalet av rapportar skal leverast inn på same måten og til dei same organa som laget elles rapporterer til.

4. Laget vil få særskilte retningslinjer for levering av rapportar som haster særskilt.

Gjennomføring av direktivet.

Styret må peike ut ein kamerat som er ansvarleg for

- at dei opplysningene som fins i og rundt laget blir samla inn, og
- å utforme og sende inn rapportane.